

«Siste kjangs».

På den freda garden Havrå finnest det eit uttal historiar får den tida då garden var i drift. Historiar som fortel korleis dei levde og tenkte, og kva ulike roller dei ulike personane i tunet hadde.

Her finn ein historiar frå kvar tue på garden. Fantastiske historiar om til dømes styvingstre, ro-turar, støling, ulukker, dødsfall, sjukdom, husdyr og bortetter. Historar som no er i ferd med å forsvinna med dei siste gjenlevande frå den generasjonene som vaks opp i dette miljøet. Den gongen garden var veglaus og alle bruka i full drift.

Det er gjort mykje dokumentasjon av kulturverdiane på Havrå som også er tilgjengeleg for ålmenneheita. Av dei mest kjende er Havråfilmen og Havråboka. I tillegg er det gjort mykje forskning knytt til biologisk mangfald. Noko som har ført til at Havrå har høgste vernekategori i Naturbase. Garden vart freda etter §20 i Kulturminnlova i 1998 og vart Utvald Kulturlandskap i 2017.

Det er lagt ned mykje arbeid med dokumentasjon frå Stiftinga Havråtunet og frå 2007 Museumssenteret i Hordaland si side, når det gjelder dokumentasjon og tradering av arbeidsteknikkar frå dei gamle tradisjonsbærerne til oss som i dag er tilsette ved MuHo. Særleg gjeld dette kunnskap frå Johannes Torp. Men, når det gjeld alle historiene som framleis lever i folks minne, er det gjort særst lite. Det same gjeld korleis livet arta seg for kvinner, born og gamle.

Frå eit fagleg synspunkt er den dokumentasjonen som ligg føre om kvardagen på Havrå, veldig prega av mannen sitt arbeid. I dag ser ein kor det er hol og manglar for å få ei større forståing i korleis dette samfunnet var organisert. Alle som budde garden, hadde sine oppgaver, roller, status og funksjon.

Desse samanvevde liva ynskjer me å lyfte fram, der det er stemma til dei gamle som målber sine eigne livs hendingar, samt historiar dei har fått overlevert frå foreldre og besteforeldre. Dette er hendingar i levde liv, som me har vanskar for å fatte i dag. Verkelegheita for dei, ei framand verd for oss.

Med helsing

Marit Adelsten Jensen, fagleg leiar Havrå.